



# FYLKESTING FOR UNGDOM 2014



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

## Invitasjon til fylkesting for ungdom 21.-23. mars 2014

Kjære alle ungdomsråd, fylkesdekkande barne- og ungdomsorganisasjonar og politiske ungdomsorganisasjonar.

Ungdomspolitisk utval inviterer dykk med dette til fylkesting for ungdom 2014. Tingsetet vert arrangert 21.-23. mars på Skei Hotel, Skei i Jølster. Vi startar fredag 21. mars kl. 18.00.

I år vert fylkesting for ungdom arrangert som dei tidlegare fylkestinga, og vi vil såleis ikkje følgje modellen frå førre år. Det vert mellom anna skulering i tale- og debatteknikk. Vidare vert det gruppedebattar og spørjetime der vi inviterer politikarar frå partia på fylkestinget. Det skal også veljast nye representantar til ungdomspolitisk utval.

Dersom de har tema de ønskjer å diskutere, send e-post til [Aud.Olaug.Jonstad.Baardsen@sfj.no](mailto:Aud.Olaug.Jonstad.Baardsen@sfj.no) innan fredag 28. februar.

For opphald og mat må delegatane betale kr 2000,- per person på dobbeltrom for heile helga. Skal delegatane bu på enkeltrom må dei betale kr. 700,- i tillegg. Det er avgrensa tal enkeltrom.

Påmeldingsfristen er 1. mars.

Utsendingane får tilsendt program, sakliste og nærare informasjon om tinget etter at vi har motteke påmeldingane.

Vi ønskjer velkommen til fylkesting for ungdom 2014.

Venleg helsing  
Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane

## Program for fylkesting for ungdom 21.-23. mars

### Fredag 21. mars

Kl. 18.00 Velkommen til Skei hotell  
Kl 1900 Middag  
Kl. 20.00 Verkstader:  
Tale- og debatteknikk  
Korleis skrive innlegg

### Laurdag 22.mars

Kl. 09.00 Registrering  
Kl. 09.30 Opning av tinget v/ leiar av ungdomspolitisk  
utval, Torgeir T. Bell  
Årsmøtesaker  
Kl 10.30 Årsmelding frå ungdomspolitisk utval  
Innleiing /gruppediskusjon:  
Kl. 13.30 Lunsj  
Kl. 14.30 Oppsummering av gruppediskusjonen  
v/møteleiar- UPU  
Kl 15.00 Gjensidig spørjetimen, politikarane/ungdom  
Ordet er fritt/generaldebatt  
Kl. 20.00 Middag. Pent antrekk, men ikkje slipstvang

### Søndag 23. mars

Kl. 08.00 Frukost, rydding av rom og utsjekking.  
Kl. 10.00 Tinget opnar  
Leiar i uttalenemnda presenterer innkomne  
framlegg/fråsegner. Debatt og votering  
Ny arbeidsplan  
Dato for nytt fylkesting  
Val av medlemmer til UPU  
Kl 13.00 Lunsj. Vel heim

## Påmelding

Kommune/organisasjon

Namn utsending

Adresse

Alder

Vara

Namn utsending 2

Adresse

Alder

Vara

Overnatting: Dobbelt rom Enkelt rom

Kan overnatte på dobbelt rom saman med andre av same kjønn frå  
andre kommunar/organisasjonar  
(dersom stor påmelding): Ja Nei

Dato

Underskrift

## Påmeldingsfrist 1. mars.

Send påmelding innan 1. mars til  
UPU, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga,  
Postboks 173, 6801 Førde.

Eller på e-post med informasjon om namn, kommune/organisasjon,  
adresse og alder til  
Aud.Olaug.Jonstad.Baardsen@sfj.no